# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 7 DESEMBER 2003 36.ÅRG.



*4-åringane Kaja Eline K. L. Falkanger, Martine Laastad Arnesen og Belinda M. Vikingstad fekk tildelt "Mi kyrkjebok" under familiegudstenesta på Trengereid 19. oktober.*

## God Jul

# MENNESKER MED HÅP

AV AUDUN HELLEMANN



Juleevangeliet, som igjen skal gå utover jorden, er et budskap om håp. Mennesker ser etter håp i dag, et håp som er verd å leve for. Men mange forhåpninger i verden blir vendt til skuffelse. Derfor er mange desillusjonerte.

Julens budskap gir oss et håp som ikke skuffer.
Første gang ble det forkynt på Betlehemsmarkene:

*"I dag er det født dere en Frelser i Davids by!"*

Det kom til en gruppe mennesker som ytre sett hadde små forhåpninger, til de fattige gjeterne som nattestider passet sin hjord. I ett nu ble deres små forventninger til håp og fremtid.
En Frelser var født, for dem og for hele verden.

Jesus forandrer alt for oss mennesker. Alt blir nytt på grunn av den kjærlighet han bringer fra Gud, ved hans kors og håpet han gir. Håpet han har brakt, er et håp både for livet vi lever her og for evigheten.
Du som leser dette stykket og som lever uten noe virkelig fremtidshåp: Til deg rekker jeg nå dette håpets budskap om Jesus, vår Frelser! Du skal få ta det til deg akkurat som gjeterne tok det til seg den gangen.
Gjeterne sa:

"La oss gå inn til Betlehem for å se det som har hendt og som er blitt kunngjort oss!"

Også du skal finne Jesus når du søker ham. Du finner ham i Bibelen og når du ber til ham.
Alle de som har funnet og tatt imot Jesus, kan karakteriseres slik:
Mennesker med håp!

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere. Noe for deg?

Vi trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering i februar. Kurset går på tirsdagskvelder med **kursstart 10. februar 2004.**
Medarbeider har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.
For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd".
Velkommen til et godt fellesskap og en meningsfull tjeneste!
Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg, eller se mer informasjon på www.kirkens-sos.no



# Haukeland Indremisjon 100 år

***Haukeland Indremisjon er 100 år og jubileet vert markert med ein stor jubileumsfest i bedehuset Betania på Lone laurdag 3. januar kl. 15.00.***

Tema for jubileumsfesten er:

"Omslutta av Herren - vidare framover!"

Det vert tale av generalsekretær **Karl Johan Halleraker** i Indremisjonsforbundet, song-og musikk-kavalkade, innslag av borna og dei unge, helsingar og festmåltid.
Det var nyårsdag 1904 at skipingsmøtet vart halde i det gamle skulehuset på Unneland. 38 kvinner og menn skreiv seg då inn som medlemer.
I tida før Haukeland Indremisjonsforeining vart skipa, hadde det vore mykje møteverksemd, med vekking og nytt kristeleg liv. Mellom andre hadde Sjur Bjørsvik mange møte.
Johannes Haukeland, som hadde gard like ved Haukeland jernbanestasjon, var ein drivande kraft ved skipinga. Han var også formann i over 20 år, fortel Magne Mestad i jubileumsskriftnemnda.

## Gåve til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje

Til deg som bur i Ytre Arna er det i dette nummeret av Kyrkjelydsbladet lagt inn ei giro der du kan gje ei gåve til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje. Som kan hende alle veit, er diverre orgelet i kyrkja stengt. No arbeider vi vidare med å få nytt orgel. Takk til deg som vil gje ei gåve til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje.

Det er naturlegvis høve også for deg som bur i Arna sokn til å gje ei gåve til nytt orgel i Ytre Arna sjølv om det ikkje ligg ei giro i bladet du får. Di gåve kan du betala inn på bankgiro 3630.72.10945.
Adressa er: *Orgelfondet, Ytre Arna sokneråd, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen.*



# Bjarte Nese ordineres 4. januar

Bjarte Nese blir ordinert til prest i Den norske kirke **søndag 4. januar kl. 11.00** i Arna kyrkje. Biskop Ole D. Hagesæther, prost Magne Utle og sokneprest Jan Kåre Jakobsen tel del.

Bjarte Nese er son av tidlegare sokneprest i Arna, Kjell Nese. Han har budd i Arna under størstedelen av sin oppvekst, og har studert teologi på Menighetsfakultetet i Oslo.

# Julekveld for deg som er einsam

Også i år er det heimar i Arna som opnar for deg som kanskje ikkje har nokon å dela julekvelden med.

Ta i tilfelle kontakt med kyrkjekontoret.
Telefon 55362270.

Helsing Diakoniutvalget

# Rostadheimen med julespill



**Også i år vil medarbeidere og beboere på Rostadheimen samle seg om en fremføring av «de gamle julespill». For mange arnabuer er disse spillene velkjent, etter å ha fått med seg en eller flere av Rostadheimens oppsetninger. For at folk flest skal få et innblikk i hva vi driver med i førjulsstria, vil vi presentere historien bak spillene, og hvorfor de er så viktig for oss.**

I middelalderen, da alt var mørkt, og dysterheten knuget både land og folk, spilte landsbyfolk – unge som gamle, lærlinger som mestere – religiøse tablåer på markedsplassen, i vertshusene, i kirken. De fortalte om det som skjedde julenatten.

Spillene som vi spiller rundt juletider på Rostadheimen og ved mange andre hjem og ved Steinerskolene, er hentet fra en liten tysk landsby som heter Oberufer. Det er et middelalder-spill som er tatt opp igjen og fornyet.

Kompaniet i spillene består av gamle folkelige skikkelser som stjernesangeren, vertene og hyrdene, Josef og Maria og engelen. Musikken og sangene er også av gammel dato. Men som engelen i spillene sier: «Det vi skal vise frem her ikveld er ikke noe vi har funnet på selv. Det stammer ei heller fra hedensk jord, men alt er hentet fra Skriftens ord». Og det er sant; intet er diktet – alt er hentet fra de opprinnelige evangelietekster.

Det som blir diktet, er det vi måtte formå å spille frem på scenen: I et hopp eller sprell eller det ekte fromme, folkelige i hyrdenes sang og dans – deres gaver til det lille Gudsbarnet.

Tilbake til middelalderens mørke: De som fikk lov til å være med i spillene – svennene, lærlingene og «jomfruer i ære», de ble høytidelig pålagt et meget strengt og sømmelig liv: Ikke noe dans eller drikk eller svir; de måtte være dydige og rene hele den tid mens øvelsene pågikk. Det ble sett på som meget alvorlig om noen bannet eller svor; da var de ikke verdige til å få lov til å spille med.

For spillene sto i en større sammenheng: I flere år hadde Svartedauen herjet, og som en takk til himmelen fra de mennesker som overlevet påla folk seg selv å spille til Guds ære.

Julespillene er trefoldig sammensatt: Først Paradis-spillet som forteller om Adam og Eva og utdrivelsen av Paradiset, det ble spilt 24. desember som var Adam og Evas dag i den gamle kalender. Kristi fødsel – og Hyrdespillet, tilbedelsen, kom 25. desember på første juledag. Over jul og nyttår, på Hellig-tre-kongers-aften den 6. januar, ble det siste av de tre spillene fremført: Hellig-tre-kongers- og Herodes-spillet. Dette er et spill om de hellige tre konger som følger stjernen til Gudsbarnet og om Herodes, den onde tyrann, som dreper alle guttebarn fra to år og mindre. Djevelen besetter ham med den vanvittige tanke om den nye konge som han ikke tåler vite av.

Spillene har den eiendommelige karakter at det første er et rent syngespill, Kristi fødsel – og Hyrdespillet er et fint harmonisk sammensatt synge- og talespill, mens Hellig-tre-kongers og Herodes-spillet er et rent språklig drama.

Gjennom spillene følger vi den store veien fra utdrivelsen av Paradiset (syndefallet), Jesu fødsel og hyrdenes fromme tilbedelse som avsluttes med de hellige tre kongers offer til Gudsbarnet og Herodes' gjerninger. Maria synger for den onde kongen i drømme; han blir desperat og Herodes' sinn formørkes så han ikke ser lyset.

Denne veien går vi alle i dypet av vår sjel. Engelen kommer om natten i drømmene våre og forteller om det store under.





# 50-årskonfirmanter i Arna kyrkje

**Søndag 5. oktober var det samling for 50-årskonfirmantane i Arna kyrkje. De vart konfirmerte 6. september 1953. På 50-årssamlinga deltok dei på gudstenesta i Arna kyrkje og hadde middag i Kyrkjelydshuset etter gudstenesta.**

På biletet er frå venstre: Kjell Solberg, Drammen, Anna Margrete Koppen Nilsen, Nesoddtangen, Audun Thunestveit, Indre Arna, Ingmund Nygård, Arnatveit, Ingebjørg Garnes Tveit, Garnes, Asbjørg Henriksen Heggertveit, Haukeland, Ola Martin Rongved, Godvik, Karen Margrethe Erikson Tangenes, Fonnes, Inger Karin Lavik Sandal, Nesttun, Hans Eikeland, Oslo, Lise Herfindal Misje, Indre Arna, Helga Dolvik Hatvik, Os, Lars Ytrearne, Indre Arna, Berit Furnes Solberg, Lonevåg, Olav Gunnar Borge, Haukeland, Solveig Haugsdal Blom, Indre Arna, Liv Jorid Mjelde Larsen, Fitjar, Reidun Magnussen Flatås, Haukeland, Anna Nora Zahl Storsæther, Ostereidet, Rigmor Liland Skage, Blomsterdalen og Albert Larsen, Vaksdal.

Hyrdene har den inderlige, fromme godhet i sine hjerter. Kongene har skuet en stjerne som de følger – en sannhet, en visdom som må søkes. De har den gode vilje.

Dette er sjelelige egenskaper som vi bærer med oss – veier å gå for å finne igjen stjernen eller våge å åpne hjertene, så vi kan gå lyset i møte.

Kristi fødsel- og Hyrdespillet framføres samlet 11.12. kl. 18.00 i Arna Kyrkje, med orkester. Arrangementet er gratis, men det vil være kollekt til støtte for arbeidet med psykisk utviklingshemmede barn i Russland.

*Alle er hjertelig velkommen*
*Tone Lunde/Geir Legreid*

# Velkomen til kyrkje

*GUDSTENESTER I ARNA KYRKJE:*

| | |
|---|---|
| **7. des kl. 11.00** | Høgmesse v. vikarpr. Hellemann |
| **14. des kl. 11.00** | Høgmesse v. spr. Jakobsen |
| **21. des kl. 11.00** | Høgmesse v. vikarpr. Hellemann |
| **24. des kl. 12.30** | Familiegudsteneste v. vikarpr. Hellemann |
| **kl. 13.45** | Familiegudsteneste v. spr. Jakobsen |
| **kl. 15.00** | Familiegudsteneste v. spr. Jakobsen |
| **kl. 16.15** | Familiegudsteneste v. spr. Jakobsen |
| **25. des kl. 12.00** | Høgtidsgudsteneste v. spr. Jakobsen |
| **26. des kl. 11.00** | Ung messe v. Olav Vikse og Keryx |
| **28. des kl. 11.00** | Høgmesse v. vikarpr. Hellemann |
| **31. des kl. 23.15** | Midnattsmesse v. spr. Jakobsen |
| **1. jan kl. 11.00** | Høgmesse v. vikarpr. Hellemann |
| **4. jan kl. 11.00** | Høgmesse med ordinasjon av Bjarte Nese. Biskop Hagesæther, prost Utle og spr. Jakobsen |

*GUDSTENESTE I TAKVAM KAPELL:*

| | |
|---|---|
| **24. des kl. 14.30** | Gudsteneste v. Olav Vikse |

*GUDSTENESTER I TRENGEREID BEDEHUSKAPELL:*

| | |
|---|---|
| **24. des kl. 16.00** | Gudsteneste v. Olav Vikse Trengereidkoret deltek |
| **26. des kl. 11.00** | Høgmesse v. spr. Jakobsen |

*KONSERTER I ARNA KYRKJE:*

| | |
|---|---|
| **6. des kl. 21.30** | "Stille natt, hellige natt" Konsert med Rune Larsen, Anita Skorgan, Tor Endresen, Mariann Aas Hansen, Jon-Willy Rydningen og Olav Torget |
| **7. des kl. 17.00 og kl. 19.30** | "Det lid mot jul" Konsert med Vestlandskoret |
| **9. des kl. 19.30** | Konsert med Arna Janitsjar |
| **16. des kl. 19.00** | "Vi syng jula inn" Arna kirkes kammerkor, Janusmusikken og andre |
| **21. des** | Julekonsert med Haukeland songlag |

*ANDRE ARRANGEMENT:*

| | |
|---|---|
| **2. des kl. 18.00** | Juleavslutning for aktivitetskoret i kyrkjelydshuset. For born frå 3 til 7 år |
| **11. des kl. 18.00** | Julespel frå mellomalder-Tyskland framført av bebuarar og medarbeidarar ved Rostadheimen. Arna kyrkje. |
| **16. des kl. 12.00** | Julemiddag på Eldresenteret i kyrkjelydshuset. Påmelding til eldresenteret tel. 55 24 13 13 |

*GUDSTENESTER I YTRE ARNA KYRKJE:*

| | |
|---|---|
| **30. nov kl. 11.00** | Familiegudsteneste v. vikarpr. Hellemann 1-klassane er spesielt inviterte |
| **7. des kl. 17.00** | Ung messe v. spr. Jakobsen og Koret på sporet |
| **24. des kl. 15.00** | Gudsteneste v. vikarpr. Hellemann |
| **kl. 16.15** | Gudsteneste v. vikarpr. Hellemann |
| **25. des kl. 12.00** | Høgtidsgudsteneste v. vikarpr. Hellemann |
| **1. jan kl. 11.00** | Høgmesse v. spr. Jakobsen |

*KONSERT I YTRE ARNA KYRKJE:*

| | |
|---|---|
| **14. des kl. 17.00** | Julekonsert Arna sangforening m. fl. |

*ANDRE ARRANGEMENT:*

| | |
|---|---|
| **11. jan kl. 16.00** | Julefest for eldre i kulturhuset. Arr: soknerådet og sanitetsforeningen |



## Nådegåveseminar i Arna

# Ta i bruk det Gud har gjeve deg!

Det viktige er å få riktig mann på riktig plass. Vi ynskjer å gi folk frimod til å seia: "Dette kan eg ta på meg!". Men like viktig er det at ein torer å seia: "Dette er ikkje mitt bord; dette er det andre som kan betre". Og ikkje minst ynskjer vi at den enkelte i større grad skal få oppleva at kyrkjelyden er ein stad der vi er til for kvarandre, og ikkje fyrst og fremst ein stad er der vi møter fram for at andre skal utføra visse tenester for oss. Men for at det skal kunna bli slik, må fleire ta i bruk dei evner og anlegg og nådegåver som Gud har gjeve den enkelte. Det er sokneprest Jan Kåre Jakobsen som seier dette til Kyrkjelydsbladet, i samband med at Nemnda for Naturleg kyrkjevokster på nyåret skal arrangera eit "nådegåveseminar" i kyrkjelydshuset i Indre Arna.

**- Set av dagane med ein gong, 13-15. februar!**

### Nådegåver

- Nådegåver er dei evner og gåver som Gud utrustar kvar kristen med, og som vert tekne i bruk i teneste for Gud for å byggja opp kyrkja. Nådegåver er altså både tenester, eller oppgåver – om du vil - og den utrustning og evne ein treng for å utføra oppgåvene. Begge ting høyrer med. Det er snakk om noko så enkelt som å få riktig mann på riktig plass. Ein set ikkje den til å driva barnekor som verken har musikalske evner eller kan omgåst med born. Men så er det store spørsmålet for nokon kvar: Kva er det eg kan? Kva har Guds utrusta meg med? Mi erfaring er at når folk blir meir trygge på kva utrustning dei sjølve har fått, og dermed veit meir om kva felt Guds kan bruka dei på, så veks dei i frimod; dei får meir mot til å seia "ja!". Og ikkje minst opplever dei meir glede i tenesta. For det er no ein gong slik, at ein trivst best når ein gjer det ein føler ein "kan". Når det heiter "nådegåver", er det rett og slett fordi alt dette er noko vi har fått - utan at vi har gjort oss spesielt fortent til det.

- Og for å komma i gong vert det altså arrangert eit eige "nådegåveseminar"?

- Ja; og vi vonar at seminaret kan vera med å setja i gong ein prosess (som det så fint heiter); at fleire spør seg sjølv: Kva vil Gud bruka mitt liv til? På kva område kan han bruka meg? Korleis skal kvardagen min vera? På den eine sida er dette spennande spørsmål å stilla, men det kan nok for somme òg opplevast litt "skummelt", for det kan medføra at ting blir annleis.

### Ikkje "overåndeleg"

- På seminaret skal vi snakka om kva nådegåver er, og korleis ein kan vita kva for nådegåver som er mine. Dessutan vil vi prøva å få fram korleis nådegåvene har med kyrkjelyden å gjera. Paulus kallar kyrkja for Kristi kropp, og den enkelte av oss er lemar på kroppen. Vi høyrer saman, men vi er ikkje like. Vi skal ikkje gjera det same, men saman skal vi vera med å byggja kyrkja.

Det er viktig for meg å få fram at ein ikkje må gjera dette med nådegåver til noko "overåndeleg". Det er snakk om å ta i bruk det vi har fått - i teneste for Gud. Og det kan dreia seg om svært så jordnære ting, som handverk og kunstnarlege evner, musikalitet, organisasjonstalent og gjestevenskap. Andre nådegåver er kanskje "meir åndelege", som lækjingsgåva og tungetale.

- Korleis kan eg finna ut kva nådegåver som er mine?

- Det finst ikkje noko "trykk-på-knappen-svar" på det spørsmålet, men i samband med seminaret vil den enkelte deltakar få ta ein såkalla nådegåvetest. Det er ei mengde spørsmål om deg sjølv som ein sjølv skal svara på, dessutan er det òg ein del spørsmål som to som kjenner deg godt, skal svara på. Så får du ut eit resultat som iallfall fortel noko om det feltet som Gud har utrusta deg innanfor. Vidare vil vi leggja til rette for ein samtale med kvar enkelt som har gjennomført testen, og så langt som mogeleg vil vi prøva å hjelpa den enkelte inn i ei konkret teneste, eller gi frimod til å halda fram i den tenesta ein står i.

### For alle

- Seminaret er ikkje for spesialistar. Kven som helst kan delta; alle som vil vita meir om kva Gud kan bruka livet ditt til. Vi får heller ikkje besøk av "spesialistar"; vi står for opplegget sjølve. Fordelen med det er at vi er her etterpå òg. Det gjer det mogeleg å "fylgja opp" det som vi set i gong. Vi vil koma med meir detaljert informasjon over nyttår, seier Jan Kåre Jakobsen til slutt.

# Julearrangement

## Julefest

*Julefest for heile familien i Arna bedehus mandag 29. desember kl. 17.00.*

Andakt v/Bjørg Albrechtsen.
Song av "Barnerøster"
Juletregang. Bevertning.
*Arr.: "Barnerøster" og Søndagsskulen.*

## Konsert

*Konsert i Arna Kyrkje*

**7. desember kl. 17.00 og kl. 19.30**

*"Det lid mot jul"*
Konsert med Vestlandskoret

## Julefest

*Julefest i Arna bedehus 3. januar kl. 18.00.*

Tale ved Harry Wiig-Andersen.
Sang av Kari og Trond Reigstad.
Opplesing av Eli Vassenden.

## Konsert

*Konsert i Arna Kyrkje*

**16. desember kl. 19.00**

*"Vi syng jula inn"*
Arna kirkes kammerkor,
Janusmusikken og andre

## Julefest

*for eldre i kulturhuset i Ytre Arna.*
**11. jan kl. 16.00**
*Arr: soknerådet og sanitetsforeningen*

## Julekonsert

med Haukeland songlag
**21. desember i Arna Kyrkje**

## MISJONSFEST

**Misjonsfest for heile bygda i Arna bedehus**

**søndag 18. januar kl. 17.00.**

Tale av misjonskonsulent Else Kari Bjerva.
Nytt frå misjonsarbeidet.

**Korsong. • Matøkt • Misjonsoffer.**

*Arr.: Misjonsforeiningane for NMS, NLM og Normisjon*



# Stille natt Hellige natt




Julekonserten Stille natt Hellige natt blir framført i Arna kyrkje

**lørdag 6. desember kl. 21.30.**

De som er med i år er:
*Rune Larsen, Anita Skorgan, Tor Endresen, Marian Aas Hansen, Jon-Willy Rydningen og Olav Torget.*

Det blir solgt billetter via Billettservice, på Posten og ved inngangen.

***Billettprisen er kr. 240 eks. avgift.***

Julekonserten Stille natt Hellige natt var Norges første julekonsert med profesjonelle artister som reiste rundt i landets kirker før jul.
Det hele startet i 1986, da Tor Arne Ranghus og Karsten Isachsen fant ut at de gjerne ville bringe julens budskap i ord og toner til et bredt publikum - formidlet av noen av landets fremste sangere og musikere.

Det første året var Karsten Isachsen og Anita Skorgan på veien, og selv om oppslutningen var forsiktig, var det en kunstnerisk suksess. Vi bestemte oss derfor for å fortsette. Sakte, men sikkert økte publikums, og ikke minst pressens, interesse for konsertene, og de siste årene har de vært godt besøkt.



# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
12.10.: Lene Moldekleiv Heimnes
19.10.: Emma Mjeldheim Aalen
19.10.: Susanne Lohne
19.10.: Jan Åge Langenes Haugen
19.10.: Anders Mandelid Horn
02.11.: Oda Johanne Alexandersen Nordøen
09.11.: Sindre Teigland Froestad
09.11.: Håvard Hemre-Solberg
09.11.: Sara Falch Helgesen
09.11.: Benjamin Frøystein Gjerstad
16.11.: Vanja Morvik Vikingstad

**Ytre Arna sokn:**
09.11.: Leander Aase
09.11.: Ingrid Ekros Osland



## Vigde

**Arna sokn:**
16.08.: Forbøn for Cristy og Oddbjørn Hope etter borgarleg inngått ekteskap.

## † Døde

**Arna sokn:**
26.09.: John Haukaas
02.10.: Jensine Løvås
04.10.: Johannes Iversen
07.10.: Thomas Walle
07.10.: John Langenes
08.10.: Asbjørn Hauge
10.10.: Olga Kristine Hovland
17.10.: Olav Mikal Mjelde
18.10.: Rolf Drangsholdt
18.10.: Bjørn Tore Sivertsen
25.10.: Nancy Svardal
29.10.: Sigfrid Thunestveit
30.10.: Klara Hana
31.10.: Gunhild Agate Sæle

**Ytre Arna sokn:**
03.11.: Nils Berntsen

## Ofringar

**Ytre Arna kyrkje**

| | |
|---|---|
| 07.09.: Kyrkjelydshuset | 1453,00 |
| 14.09.: Kyrkjelydsarbeidet | 3436,50 |
| 21.09.: Bergen søndagsskolekrets | 1872,00 |
| 28.09.: NLA | 1500,00 |
| 05.10.: Orgelfondet | 2078,00 |
| 12.10.: IKO | 1530,00 |
| 26.10.: Nordmisjon | 1000,00 |
| 02.11.: Menighetsfakultetet | 1282,50 |
| 09.11.: Kyrkjelydsarbeidet | 1294,00 |

### *Neste nummer*

Neste nummer av Kyrkjelydsblad kjem ut 31. januar. Frist for å levere stoff til det bladet er 16. januar.

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN
**Redaktør:** Audun Stølås.
**Redaksjonsnemnd:** Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.
**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 7877 06 96991.
Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen



# Trekningsliste

## Hovudlotteriet Arna Kyrkjelydshus 2003

| | |
|---|---|
| 1. Hardangerbestikk | Ingeborg og Karl Seim |
| 2. Håndsydd duk | B. Mehammer |
| 3. Radio-CD spiller | Kristin Aase |
| 4. Takke | Henriette Løklingholm |
| 5. Akvarell | Emma Rong |
| 6. Porselensdukke | Aud Hope |
| 7. Duk | Stine Palme |
| 8. Baby Born dukke m/vogn og klær | Fam. Lorentzen |
| 9. Sengesett | Hallfrid Osland |
| 10. Skinnsekk | Randi Daae |
| 11. Hekla duk | Sigrunn Midttun |
| 12. Golvteppe | Kirsten Grøteide |
| 13. Duk | Greta Kjørlaug |
| 14. Halogen Down-light | |
| 15. Reisekoffert | Fam. T. Kleiveland |
| 16. Barnegenser m/lue | Inger Hansen |
| 17. Skalldyrsett | Fam. Bjarte Grøteide |

I alt fekk vi inn kr. 68.700,- (netto) på basaren til Kyrkjelydshuset. Kyrkjeringane takkar alle som var med og støtta årets basar. Vi takkar alle for gåver, både enkeltpersoner og firmaer.
Takk og til soknepresten vår Jan Kåre Jakobsen som hadde andakt for oss.
Kyrkjeringane

Helsing
Bjørg Hellesøy

### *Besøkstenesta*

Inger Myklebust er no leiar for besøkstenesta i Arna kyrkjelyd. Ho har teke over dette vervet etter Klara Ulveseter.

## *Dei tilsette i kyrkjelydane*

***Sokneprest Jan Kåre Jakobsen***
**Ådnav. 15, 5260 Indre Arna**
**Tlf. 55 24 06 86**

***Organist Arna***
**Kantor Christopher David Briggs**
**Pb 161 Indre Arna**
**5888 Bergen**
**Tlf. 55 24 40 55**

***Dagleg leiar***
**Tove Margrete Nordmark**
**Boge, 5725 Vaksdal**
**Tlf. 56 59 72 01**

***Kateket Erik Rodal***
**Stuajordet 31, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 00 41**

***Kateket Astri Seljåsen Torp***
**Peter Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 2565 11**

***Kontorfullmektig Arna - Ytre Arna***
**Benthe Vevle Birkeland**
**Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 73 92**

***Kyrkjetenarvikar Arna***
**Elisabeth Stenersby**
**Tlf. 55 95 00 87**

***Organist Ytre Arna***
**Kantor Siri Brunvoll**
**Vågsbotn, 5131 Nyborg**
**Tlf. 55 18 45 29**

***Kyrkjetenar Ytre Arna***
**Sylvi Sæle**
**Skulev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 88 93**

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen.** E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.
**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kantor i Ytre Arna, **Siri Brunvoll** og kyrkjetenar i Ytre Arna, **Sylvi Sæle** har kontor i **Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna.** Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46.

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.



*Barna på Trengereid skule sang under gudstjenesten i det nyoppussede bedehuskapellet.*

# Folkefest på Trengereid

**Det ble folkefest på Trengereid da biskop Ole D. Hagesæther kom på besøk søndag 19. november. Biskopen holdt gudstjeneste der det var dåp, sang av Trengereidkoret og av skolebarna og musikk av Trengereid Musikklag. Om lag 125 barn og voksne deltok både på gudstjenesten i det nyoppussete bedehuskapellet og på kirkekaffen på skolen.**





*Biskop Ole D. Hagesæther på kirkekaffen på skolen etter gudstjenesten.*

Byråd for skole, Hans-Carl Tveit deltok også etter invitasjon fra rektor Olaug Karin Borge. Han tok seg god tid og snakket med bygdefolket etter gudstjenesten. Han lovet at Trengereid skule ikke skulle bli nedlagt de neste fire årene, i hvert fall.

Bakgrunnen for bispebesøket på Trengereid var et brev Solveig Kolnes sendte biskopen etter hans visitas i Arna prestegjeld i januar i år. Det var mange småting som til sammen ga Solveig en opplevelse av at Trengereid-samfunnet og særlig barna på Trengereid ikke ble så synlig som de burde under bispevisitasen. Disse tankene ga hun uttrykk for i et brev til biskopen. Han svarte at han forstod hennes reaksjon og at han ville komme på besøk til Trengereid.

Etter det ble det holdt allmøte på Trengereid. Det ble fart i planene om oppussing av bedehuskapellet, som fikk nye strøk med maling, nye gardiner og nye lamper. Trengereidkoret, Trengereid musikklag og skolen la opp til den store folkefesten under biskopens besøk. Og det ble det.

## ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

*Kåre Bj. Hopes eftf.*

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

**Døgnvakt tlf. 55 24 08 08**

Står til teneste med alt ved dødsfall
i Arna, Osterøy og omegn.

---

**SAMDALS** BYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1**

**55 90 19 80 hele døgnet**
*Kommer også hjem for samtale.*
J. Teigland – M. Hamre

---

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen blomsterdekoratørfaget*

---

**Solstrands** BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

DØGNVAKT
**55 32 55 50**

***Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris***



---

## FØRERKORT KL. B

AKTIV TRAFIKKOPPLÆRING

– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører

ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

**Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33**

---

HVORDAN HAR DU DET
*egentlig?*

**Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

---

*Frøydis* SALONGEN

**Garnesv. 108, 5234 Garnes**
**Tlf.: 55 39 01 40**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame • Herre • Brudepynting**

**Fagkunnskap gir trygghet**
**10 % for pensjonister alle dager.**

---

**Kranser, buketter, oppsatser**

**TLF. 55 24 08 09**

**Espeland Gartneri**
**Arthur Hope**
Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

---

**Din lokale storbank i Arna!**

**Nordea**
Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

---

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S*
*Ur og Gullsmed*

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

---

**Solberg Elektro**

**AUT. ELEKTROINSTALLATØR**

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig, industri og service.
Gratis befaring, god service

**Telefon: 41809620**

# Årets julegåve!




UNGDOMSKORET I YTRE ARNA

## Koret på sporet

HAR LAGA CD!

CD-en kan du få kjøpt hjå alle som er med i koret,
og på fylgjande stader:

Kyrkjekontoret i Arna
*Prix,* Ytre Arna
*Tre Seksten*, Åsane Senter, 3 etg.

CD-en kostar 150,- kroner og disse pengane går til
kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid.

Vi i ***Koret på sporet*** takkar for støtta,
og vonar musikken vår vil vere til
glede og velsigning!